



Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8205-80

Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy - Førdepakken

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune aksepterer at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Vedlegg:

Brev frå Statens vegvesen – innføring av takst for nullutsleppskøyretøy

SAKSFRAMSTILLING

Stortinget har i Prop. 87 S (2017-2018)/Innst. 380 S (2017-2018) vedteke at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy i bompengeinnkrevjinga fell vekk. Det er dermed mogleg å innføre bompengetakst på 0 - 50 pst. av ordinær takst etter brikkerabatt for nullutsleppskøyretøy. I tråd med bompengepolitikken generelt føreset dette lokalpolitiske vedtak.

Med nullutsleppskøyretøy meinast el-bilar og hydrogenbilar.

Statens vegvesen (SVV) har informert Ferde AS om endringa. Ferde AS er det regionale bom-selskapet i region sør-vest. Ferde AS har søkt om å få innføre takst for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeprosjekt basert på lokalpolitisk tilslutnad. SVV skal sørge for lokalpolitiske vedtak før Vegdirektoratet ev. kan fatte nytt takstvedtak.

I planlegginga av nye bompengeprosjekt vert det i utgangspunktet lagt til grunn ein takst for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på 50 pst. av takst etter brikkerabatt og i takstgruppe 2 på 0 pst., dersom det ikkje vert fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna innanfor gjeldande rammer. Det same vil gjelde for eksisterande prosjekt.

I Prop. 137 S (2014-2015) *Utbrygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane* var gjennomsnittleg inntekt per passering føresett å vere 18,70 2015-kr. Førdepakken får statleg tilskot gjennom tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor byområdane. Dette krev at gjennomsnittstaksten må vere minst 10 pst. under det som er lagt til grunn. Gjennomsnittleg inntekt per passering i Førdepakken var i 2018 berre 14,80 kr. Sjølv om trafikken er noko høgare enn venta, er inntektene i Førdepakken lågare enn føresett. Sjølv med tilskotsordninga må ein gjere tiltak for å auke inntektene i Førdepakken. Nær 5 pst. av trafikken kjem no under fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy. Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy vil betre den økonomiske situasjonen noko. Dersom trafikken ikkje endrar seg vesentleg i åra som kjem, kan innføringa av takst for nullutsleppskøyretøy vere tilstrekkeleg til å sikre at bompengebidraget til bygging av vegprosjekt i Førdepakken kan verte om lag som berekna.

Styringsgruppa for Førdepakken gjorde følgjande vedtak 26.06.2018 (sak 15/2018):

*«El-bilar og fritak
Bruken av el-bilar aukar og påverkar inntektene. Styringsgruppa meiner at det er naturleg at prosessen om innføring av bompengetakst for el-bil vert starta ved at Førde kommune tek initiativ overfor Statens vegvesen.»*

Sak om innføring av takst for nullutsleppskøyretøy er handsama av Førde kommune og i nabokommunane. Det er gjort tilnærma likelydane vedtak i alle kommunane der dei sluttar seg til ei innføring av betaling for nullutsleppskøyretøy med ei belastning på 50 % av takst etter brikkerabatt. Sogn og Fjordane fylkeskommune utgjer saman med desse kommunane den lokalpolitiske godkjennингa. Ved at fylkeskommunen gjev tilsvarende tilslutnad om å innføre bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy, har SVV grunnlag for å fatte nytt takstvedtak for Førdepakken. Takstvedtaket skal kunngjerast på vanleg måte 4-6 veker før innføringa.

Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette at fylkestinget støtter vedtaka i kommunane om å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy. Fylkeskommunen har stilt fylkeskommunal sjølvskuldnar-garanti for låneopptak i Førdepakken, og fylkesrådmannen meiner det er viktig at det vert lagt til rette for takstar som er med på sikre inntektsgrunnlaget.